

ISSN 0800-6210

NORDISK SPRÅKSEKRETARIATS RAPPORTER 5

S P R Å K O G S A M F U N N I N O R D E N
E T T E R 1 9 4 5

Rapport fra et symposium
i Mariehamn 7.-10. mai 1984

OSLO 1985

Helge Sandøy

PÅVIRKNINGA FRÅ DEN AUKANDE SAMFUNNSORGANISERINGA OG LOV-GIVINGA PÅ SPRÅKBRUKEN

1. Innleiring

Til liks med innleiarane i gårmorgan har eg funne det naturlig å prøve å legge vekt på det meir generelle spørsmålet som kan tolkas inn i temaet vårt: Korleis kan vi beskrive forholdet mellom samfunn og språkbruk ettersom ein påstår at det er eit påvirkningsforhold den eine vegen mellom dei to størrelsane (d.v.s. samfunn og språkbruk)? Av den grunn blir mitt innlegg ikkje så mye ein kommentar til Westman. Det er ei utfylling til innlegget hennes.

Skal ein diskutere prinsipielt eller teoretisk forholdet mellom språkbruk og samfunn, forutset det at ein bruker modellar, og at ein presiserer dei. Å bruke modellar krev at ein er villig til å generalisere. Men samtidig gjør arbeidet med modellar det lettare å stille spørsmål om perspektivet i arbeidet vårt.

Westman refererer offentlighetsmodellen åt Habermas. Denne modellen er fasinerande, men eg får problem med å konkretisere han til ein analysemodell for språkbruk. Offentlighetsbegrepet er foreløpig meir eit uttrykk for ønsket om å forstå alt i sin totale samanheng. Dette ønsket eller perspektivet er viktig, men ikkje nok. Eg har forstått at litteratane, som òg er glade i offentlighetsbegrepet, står i same situasjonen: dei strevar når dei skal bruke det i konkrete analysar.

2. 'Språkbruk'

Tittelen vår talar om "språkbruk" og ikkje om "språk", som ofte er brukt lite presist. Men 'språkbruk' har eg òg inntrykk av betyr i alle fall to ting: 1) normer for

språkbruk, og 2) tekstar, som normene sjølvsagt må realiseras gjennom. Når vi studerer tekstar, må vi skilje mellom to nivå: At to samsvarande tekstar frå ulike tidspunkt er ulike, kan bety: 1) at omverda som teksten har referanse til, er endra, og 2) at språkbruksnormene for å beskrive denne omverda er forandra. Dette skiljet er viktig, for her ligg det ein fare i å oppfatte som ei interessant språklig endring det som eigentlig er ei forandring i samfunnet. Dermed risikerer vi òg å tillegge språket eigenskapar det ikkje har.

2.1. Teksten som direkte avspeglings av omverda

Med eit slikt skilje fell nok ein del av det vi snakkar om her, inn under det punktet at teksten avspeglar direkte forandringer i omverda. At vi har fått ei profesjonalisering på mange område - som er ein del av den aukande samfunnsorganiseringa - er primært ei samfunnsmessig utvikling. At emneområdet for ein ny profesjon så blir omtalt på ein ny måte i språklig teknologi, er da uttrykk for f.eks at ein viss tankemodell med tilhørende termar har vunne fram i samfunnet. Men nye perspektiv og beskrivelsesmodellar innanfor eit emne har verken med språksystemet eller med språkbruksnormene å gjøre. Derimot verkar dei inn på ordførådet, likeins som framveksten av nye handverk i mellomalderen gav oss mange nye ord. Teksten er i slike tilfelle ein direkte avspeglar av samfunnet, av samfunnsutviklinga og kulturutviklinga. Språktekstane er altså gode kjelder for samfunnsstudiet.

Følgjene av profesjonalisering og ekspertisering kan tolkas ideologisk og politisk, og analyseresultata legg forholda til rette for ein ideologikritikk på dette politiske emneområdet.

2.2. Normer for språkbruk

Normene for språkbruk er ikkje direkte tilgjengelige. Dei må studeras gjennom det uttrykket dei får i tekstar. Å avgjøre kva som er normendringar, kan derfor vere vanskelig, sjølv for den som har opplevd ulike epokar, men som har levd med i samfunnsutviklinga.

Ei normendring vi likevel er svært medvetne om, er f.eks. overgangen frå å bruk De til å bruke du. Denne normendringa må beskrivas som endring i kravet om dei nærrare definerte forholda som må finnas mellom samtaledeltakarane for å bruke De-forma. Stort sett er vel kravet snart falle bort.

Jørn Lund har i boka Sprog og sprogbrug i dag beskrive fleire slike normendringar i dansk talemål, f.eks. at "ikke" tar over for "vel" som kontaktpåkalling (eks. "Hun var ikke ret gammel, ikke?"), ei sterkare modalitetsmarkering i det han kallar eit "sikkerhedsnet", altså ei sterkare språklig understrekning av at talaren er usikker. (Eit ekstremt eksempel er: "Jeg tror måske nok, det ville have gavnet deres forhold hvis de lissom havde tattlet problemerne i tide, på en eller anden måde.")

Setningslengd, setningskompleksistet, bruken av visse syntaktiske konstruksjonar som f.eks. framtunge hypotagme er òg uttrykk for dei språkbruksnormene som gjeld.


Endringar i språkbruksnormene kan òg vere resultat av samfunnsendringar. Men dei er ikkje avspeglingsar. Påvirkningsforholdet er mindre tydelig, meir indirekte. Vi kan ikkje bevise eller påstå at det er nødvendig at normendringane alltid er påvirkta av samfunnsendringar. Men arbeidshypotesen vår bør vere at det alltid er ein slik samanheng. Da tøyter vi oss lengst mulig for å skaffe oss innsikt.

2.3. System og stil

Slik vi til vanlig oppfattar og framstiller språkbruksnormene, har kvart språk sine stillag. Kvart språk har altså sitt sett av språkbruksnormer. Og kva som er eitt språk, kan vi definere utifrå språksystemet. I fleirspråklige samfunn kan vi dermed rekne med ulike normsett.

Ein slik fleirspråksmodell kan vi overføre også til våre språksamfunn. Vi i Norge, som har både bokmål og nynorsk, skulle godta det lett. Men i prinsippet kan vi bruke denne modellen også innafor f.eks. bokmålet, der det fins fleire variantar. Desse variantane representerer eigentlig forskjellige dialektar (ofte blir dei kalla 'danna dagligtale' og 'folkemål'). Men det som altså reflekterer ulike språksystem, er i bokmålstradisjonen blitt brukt til å markere stilforskjellar. Det gjeld både i praksis, og det har vore velsigna i offisiell normering, der ein har tilrådd kva sjanger kvar variant høver for.

Når system som representerer forskjellige morsmål, her dialektar/sosiolektar, blir utnytta som stilforskjellar, appellerer slike normer for bruksområdet til sosiale motsetningar. Dermed vil desse normene òg vere avhengige av samfunnsforholda på ein spesiell måte, slik at det er ein fordel med spesiell markering i modellen. Den ser da foreløpig slik ut:



Dersom vi vil ta med talemållssituasjonen og i totalbildet vårt av språkbruksamfunnet, er eit skilje mellom to typer normer heilt nødvendig. I Norge er det svært tydelig p.g.a. talenormutviklinga. Den såkalla dialektbølgja har ført til nye normer for bruksområdet åt dialektane.

3. Språkfunksjoner

Skal vi forstå dei språklige eigenskapane som gjør det mulig for samfunnet å påvirke språket og språkbruken, må vi sjå påvirkninga i forhold til språkfunksjonane. Sjølve språkfunksjonane kan vi rekne som uforanderlige, som universalia. Dei fortel om måtar vi bruker språket på for å tilfredsstille menneskelige og sosiale behov.

Når det gjeld f.eks. språkbruksnormene, er det dei ikkje-referensielle språkfunksjonane som er grunnlaget for at samfunnet kan påvirke.

4. Behov og krefter i samfunnet

Neste spørsmålet må bli kva krefter og behov i samfunnet som påvirkar språkutviklinga. Tittelen vår avgrensar dette til å gjelde den aukande samfunnsorganiseringa. Men den omfattar jo det meste.

4.1. Økonomiske og politiske behov

Viktigaste behovet vi kan utleie av auka samfunnsorganisering, er effektiv styring eller administrasjon av kapital og marked og av sosiale problem. I det perspektivet kjem utviklinga av ekspertvelde, byråkrati og profesjonalisering, som alt har vore tatt opp på dette symposiet. Følgjene av denne utviklinga, som skal effektivisere styringa, er at sjølve samfunnsstyringa blir mindre open og mindre tilgjengelig for dei som blir styrt. Tekstane stenger allmugen ute, som Westman har vore inne på.

Den aukande samfunnsorganiseringa har òg som konsekvens eit tettare administrasjonsnett mellom sentrum og periferi. Det har periferien fått oppleve sterkkast med ei voldsam oppblåsing av den kommunale lokaladministrasjonen, spesielt på 60- og 70-talet. Ein rimelig hypotese er at dei mange nye byråkratane hentar sine språkideal frå sentraladministrasjonen med klisjébruk og komplisert syntaks. Funksjonen som språkbruken har her, er å gi inntrykk av at ein er dyktig og profesjonell. Er ein sjølv usikker, kan det nettopp vere viktig å gi det inntrykket.

Gjennom lokalavisene kan administrasjonsspråket spreie seg effektivt til "allmugen". I Norge fikk vi ei oppblomstring av lokalavisar i 70-åra. Mitt inntrykk er at ein god del av stoffet i dei er avskrift av sakspapir i lokaladministrasjonen. Ettersom mye av dagliglivet vårt er avhengig av saker som passerer kommunestyret eller kommunale utval, engasjerer kontakten med dette administrasjonsspråket oss. Denne mottakarrelevansen kan gjøre desse tekstane til effektive sprelingsmedium for politiske flosklar som: vere av den formeining at, dele det standpunkt, det er et fremherskende behov for å kunne legge forholdene til rette, osv.

Eg trur det tradisjonelt har vore ein forskjell på det sentrale og det lokale administrasjonsspråket, på same måten som vi finn det i avisspråket. I ein undersøkelse av språket i lokalpressa i Midtre og Indre Sogn (Fretland 1977) kjem det fram ein markert skilnad til språket i riksavisene. Liksmilingane f.eks. gir bare ca. halve poengsummen (1969 og 1970: 27,1 i Sogn mot 46,5 på riksplan i leiarartiklar.)

Mens avisspråket på riksplanet - som trulig òg administrasjonsspråket - viser tendens til syntaktisk forenkling etter krigen, låg lokalavisene på eit enkelt nivå i utgangspunktet. Og den forandringa ein ser der etter krigen, går i retning av ein del høgare liks. Det gjeld både i leiarartiklar og lesarinntlegg. Enda tydeligare er auken i bruk av fremmendord og moteklisjear.

Denne avgrensa undersøkelsen kan altså nettopp tyde på at normene frå sentrum slår meir igjennom i periferien.

Normene for språkbruk innafor det rådande standardskriftmålet/riksspråket har sin maktfunksjon først og fremst ved at dei skaper avmakt hos dei som ikkje meistrar dei. Opplevinga av avmakt går på at ein har ei kjensle av ikkje å kunne kle tankane i eit akseptert språk, ei kjensle av ikkje å nå fram, for språket står i vegen, ei kjensle av ikkje å forstå, kanskje òg misforstå, og ei kjensle av ikkje å kunne kontrollere om den språklige bodskapen er i samsvar med realitetane (Blakar 1970:111).

Inntil ein viss grad ligg det effektivitet i dette makthierarkiet som språkbruken er med å etablere. Språkbruken gir autoritet, og han beskyttar dei som styrer. Taparen er menigmann, som ved hjelp av språket blir fremmendgjort frå avgjerder og prosessar som verkar inn på hans eige liv.

Dei normene vi har omtalt, som styrer bruksområdet for ulike språksystem i samfunnet, tener òg til å markere den sosiale strukturen og makthierarkiet. Morsmålet át ei samfunnsgruppe er definert som høgstatusspråk, som standardspråk og offisielt, korrekt språk. Andre sitt morsmål er såkalla dialektalt, det er lågstatusspråk, og det er definert til å skulle brukas bare i den såkalla intimsfæren og der ein bruker lågstil. Grunnlaget for maktutøving ligg her i at språket fungerer som markør av gruppeidentitet.

Etter desse linjene kan vi tolke utviklinga dei første tiåra etter krigen. Samfunnet skulle byggas opp og det skulle byggas ut. Først og fremst i økonomisk forstand, sjølvsagt, men som ei følgje av det òg administrativt. Samfunnet skulle vere effektivt og funksjonelt. Ideologisk var samfunns- eller klassemotsetningane sterkt nedtona. Femti- og sekstiåra er - i alle fall i Norge - sentraliseringstiåra. Det gjeld økonomisk og politisk, og administrativt. Kulturelt og språklig hadde det følgjer i at premissane og verdiane át sentrum stod sterkt, dei var sjølvsagte. Periferien var både sosialt og økonomisk avkrefta og mangla sjølvtillit.

Samfunnsorganisering og effektivisering vil ha som språklig konsekvens ei standardisering. Språkideologisk kom det i Norge til uttrykk i at den breie politiske støtta til å gi folkemålet plass i bokmål minna. Støtta til slagordet "samling på folkemåls grunn" smuldra bort, også i sosialdemokratiet. Den nye ideologien hadde "språkfred" som slagord, og normeringssideologien hadde bare éi målsetting: effektiv kommunikasjon. Den målsettinga skulle språkutviklinga styras etter. Og eitt av fleire uttrykk for denne utviklinga var dessutan òg å styrke bruksområdet for standardtalemåla.

Men samfunnsutviklinga har innebygde motsetningar. Slik her òg. Den økonomiske utviklinga kravde massekonsum, og vi fikk massesamfunnet. Da står tradisjonelle sosiale skilje i vegen. Samfunnet må demokratiseras. Det er ikkje effektivt lenger at massane kjenner seg avmektige. Samfunnet må dermed bøte på dei negative sidene ved administrasjonsspråket. Det klare eksempelet på dette er den massive offensiven mot kansellistilen. Propagandaen har her vore så sterk at det ville vere interessant å spørje om vi er blitt meir reflekterte om språkbruk i dag. Har kanskje også den allmenne språkideologien og dei allmenne språkhaldningane forandra seg?

4.2. Individuelle og sosiale behov

Så langt har vi sett på økonomisk-politiske behov i stor-samfunnet. Men som individ og medlemmer i samfunnet er vi ikkje bare passive brikker. Vi har også menneskelige/personlige og sosiale behov. Nettopp derfor er massane sjølve ei kraft i samfunnsutviklinga. Eg vil her legge vekt på motkraftene som vakna som ein reaksjon på den samfunnsorganiseringa som hadde ført med seg sentralisering og effektivisering på kapitalens premissar, massekonsum, standardisering, fremmendgjøring og autoritetstru. Mot-kulturen og motideologien vi fikk i Norge på syttitalet, tolkar eg som ein slik reaksjon. Her synes eg begrepet 'motoffentlighet', som elevar av Habermas har skapt, kan gi

oss ei djupare forståing. Arenaene for motoffentligheten, der altså motresonnementet og motkulturen veks fram, må markeras. For markeringsa er i seg sjølv kanskje viktigast - resonnementet i intellektuell forstand er mindre viktig. Det er fordi kjensla av fellesskap og identitet er så grunnleggende for både holdningar og meningar. Markeringsa av motideologien skjer på dei folkelige arenaene: i daglige samversformer og kulturytringar med masseappell: song, rokk må eg nemne spesielt, ja også teater. På desse arenane bruker vi talemålet. Med talemålet kan vi markere den lokale identiteten, solidariteten med dei mindre gruppene, vi kan markere at vi står utofor den offisielle offentligheten /kulturverda. Dialektbølgja kunne tilfredsstille det behovet.


Resonnementet innafor motoffentligheten, eller motideologien, går på krav om endra bruksområde for språksystema, og mindre område for standardtalemålet. Det blir framheva kva verdiar språkforma har sosialt og for personligdomsutviklinga. Det personlige i kommunikasjonen kan rettferdiggjøras.

Men på 70-talet skjedde det også at distrikta blei økonominist sterke. Når periferien ikkje lenger var like økonominist avmektig, fikk han behov for sjølvhevding, og for å markere sær preg. Da står språket disponibelt, p.g.a. identifiseringsfunksjonen det har. Refleksar av denne utviklinga har vi også i skriftnormdebatten i Norge. Men den er for tradisjonelt særnorsk, så den overser vi her.

Så langt har eg tolka cen auka statusen til dialektane som uttrykk for eit sosialt behov, for opposisjon og sjølvhevding. Bruken av slang kan kanskje tolkas på same måten. Slangen er brukt til å markere avstand til den offisielle kulturen eller dei offisielle verdiene, til det samfunnsmessig aksepterte. Men her kan ein dessutan tydeligare enn på andre område sjá at språket kan tilfredsstille eit personlig kreativt behov. Standardspråket er utslite og fattig. Det gir ikke rom for fantasi. I slangen er dette trulig ei drivkraft bak den raske utviklinga i ordforrådet med stadig ny og overraskande bildebruk. Dessutan

kan ei ny ordform eller eit nytt uttrykk verke meir uttrykksfullt så lenge det er nytt. Spørsmålet eg stiller, er: har bruken av slang breidd seg i samfunnet i dag, til fleire språksamfunn og til fleire sosiale grupper? At slangen trenger inn i normalstilen, er ikkje noe nytt. Men skjer det raskare i dag? Er dette òg eit resultat av auka samfunnorganisering? Nemlig som motreaksjon?

Ein samanfattande modell for studiet av samfunn og språkbruk kan skisseras slik:



5. Tendensar i språkutviklinga i dag

Prøver vi å ta eit fugleperspektiv på språkutviklinga i dag, virkar ho motsetningsfylt, slik det innfløkte samfunnet virkar. På den eine sida har vi den utviklinga Westman har peikt på, nemlig det veksande ekspertveldet som bruker språket til å sikre seg sjølv autoriteten for å hindre innsyn og kritikk. På hi sida har vi den utviklinga eg tolkar som motreaksjon mot å bli styrt, mot fremmengjøringa, altså at lågstilen og lågstatusspråket er på frammarsj. Det siste ser vi tydeligast i talemålsbruken.

Talemålsundersøkingar viser at på stader der det tradisjonelt har vore store sosiolektske skilje, minkar desse skilja. Hos ungdommen er det vanskelig å påvise situasjonsvariasjon, dei har i stor grad gatespråket/folke-målet som einespråk.

Dette kan 'sjølvsagt' vere eit ungdomsfenomen. Men for det første observerer vi ei lemping av språkbruksnormene også i eldre grupper. Og for det andre ville det vere underlig om ikkje ungdomsspråket set merke etter seg for

heile livet når ungdomstida i dag varer til ein er fleire og tjue år, d.v.s. til ein alder der den naturlige språkutviklingsevna har stagnert. Utviklinga av ungdomskulturen set nok sine merke på språkbruken òg.

Totalbildet må sjølv sagt nyanseras på fleire måtar. Det må f.eks. kompletteras med andre undersøkselar, som viser at på stader der språkbruken hittil har vore svært homogen, der aukar den språklige variasjonen.

Men skal vi trekke store linjer, må vi likevel så fast at lågstilen og lågstatusspråket har fått større bruksområde.

Det same har veteranar innanfor sosiolinguistikken oppdagat andre stader i Vesten òg. På femti- og sekstitallet spådde dei at lågstatusvariantane ville forsvinne. I dag spør dei: "Why do low-prestige language varieties persist?" (Ryan 1979.) Forklaringa ligg i auka behov for identitetsmarkering.

Island blir ofte rekna for så spesielt at landet ikkje er komme med på dette symposiet. Men nettopp derfor kan vi koste på oss eit utblikk dit. Vi kjenner godt til den beinharde purismen i islandsk. Og den hevdvunne ideologien på Island seier at samfunnet er fullstendig egalitært, også språklig. Men det kokar under kjelalokket der òg. Ja, eg trur faktisk lokket har begynt å løfte seg.

Ungdommen blir i dag skulda for språklig likesale. Det er på ein måte rett, for dei nye generasjonane trur ikkje på same gamle mytane lenger. Og også Island har fått ein sterk ungdomskultur.

I det islandske språksamfunnet har det funnes mange stillag, definert etter graden av purisme og arkaiske språkdrag. Men hos dei nye generasjonane spreier bruken av sjargong, lánord og grammatiske nyovringar seg (f.eks. dativsykje, nye bøyningar av verb og substantiv).

For noen få år sidan kom det ein eineståande større diskusjon om språkideala, der tvilen til dei språklige autoritetane fikk eit ideologisk uttrykk (f.eks. Pálsson 1979). Vi har nysse fått ei islandsk slangordbok (Árnason o.fl. 1982), noe mange er heilt rysta over. Og ein del av

denne slangen har dei siste 10-15 åra fått komme til på trykk i den meir pågjande sjornalistikken (Sigmundsson 1984). Det islandske språksamfunnet lever med ei sterk indre språklig spenning. Eg trur det er tale om same utviklinga på Island, som i Norge, og som i andre vestlige land.

Dei samfunnsmessige drivkraftene bak har eg alt prøvd å skissere. Jamvel om det er seinkapitalismen som sjølv har innebygd dei framlagte motsetningane, trur eg ikkje det er mye revolusjonært potensiale å hente i folkemålsappellen. Kapitalismen er svært tilpasningsdyktig, og folkemålet er alt utnytta kommersielt, som f.eks. i reklametekstar. Og som tittel på ei handbok dur ikkje f.eks. "Deres hund" lenger. I dag heiter boka: "Hunden din". Mye sjornalistikk tyr til same virkemidla for å ha appell.

I moderne arbeidslivsforsking har ein for lenge sia oppdaga kor viktig det er for ein effektiv og knirkefri administrasjon å ha ein personlig stil og å gi arbeidarane kjensla av å delta - av å vere "medarbeidarar". Eg syntes derfor det var interessant å lese eit intervju i Bergens Tidende nylig med ein direktør i største handelshuset i Bergen. Der skulle dei legge om stilien. Nå skulle det vere slutt med "jernbrynya" - som han kalla det - d.v.s. stiv oppdressing og formelle omgangsformer overfor underordna. Sjølv var direktøren avbilda i ledige moderne moteklede. At også dei språklige normene blir endra, er bare ei naturlig følge.

Eg har må påstått ein del om språkutviklinga. Påstandane må de òg oppfatte som hypotesar. Eg har prøvd å skissere behov og krefter i samfunnet som påvirkar språkbruken. Desse behova og kreftene kan ikkje observeras. På eitt eller anna nivå kjem tolkinga inn. Men ei tolking kan styrkas eller svekkas, f.eks. med jamførande studiar i dei nordiske landa.

Trass i all språklig, økonomisk og politisk likskap mellom dei nordiske landa er det store forskjellar språkideologisk. Eg trur at desse ideologiane og utviklinga i dei - både i offentlighet og motoffentlighet - kan vere

nyttige å studere for å komme nærmare inn på dei samfunnsmessige kretene. Men då må dei tolkas som overflateuttrykk. Det same gjeld dei allmenne språkhaldningane.

Som avslutning vil eg ytre ønske om at når vi studerer språkutviklinga, stiller vi oss grunnleggande spørsmål, og at vi utviklar ein modell der både talemål og skriftmål får plass i språkbruken, og der verken økonomi eller ideologi blir uteglømt på samfunnssida.

Litteraturliste

- Árnason, Mörður o.fl. 1982. Orðabók um slangur, slettur, bannord og annad utangárdsmál. Reykjavík.
- Blakar, Rolf Mikkel 1978. Kontakt og konflikt. Språk og kommunikasjon i familie og samfunn. Oslo.
- Fretland, Jan Olav 1977. Avismål i Midtre og Indre Sogn. Ei undersøking av skriftmålsutviklinga i leiarar og lesarinlegg i perioden 1903-70. (Utrykt h.oppg., Univ. i Oslo.) Oslo.
- Lund, Jørn 1982. Sprog og sprogsbrug i dag. København.
- Pálsson, Gisli 1979. "Vont mál og vond málfræmi". I: Skírnir 1979:175-201. Reykjavík.
- Ryan, Ellen Bouchard 1979. "Why Do Low-Prestige Language Varieties Persist?" I: Giles and St.Clair: Language and Social Psychology. Oxford.
- Sigmundsson, Svavar 1984. "Slang på Island." I: Ringgaard og Sørensen (red.): The Nordic Languages and Modern Linguistics 5: 369-373. Århus.